

Dommarutviklingsplan for Førde IL Fotball

Dommarutviklingsplanen skal sikre at klubben har ein heilskapleg plan for rekruttering, vidareutvikling og oppfølging av dommarar i klubben. Planen skal virka som eit felles oppslagsverk og eit styringsverktøy i klubben sitt dommarutviklingsarbeid.

Dommerrekruttering:

Dommarane kan rekrutterast både blant klubben sine spelarar og støtteapparat, eller som eksterne personar med interesse for dømming.

Klubben skal bruke følgande arenaer for rekruttering

- Nettside
- Internt kommunikasjonsverktøy
- Facebook
- Spelarmøter
- Foreldremøter
- Møteplassar generelt

Første møtet med klubben blir gjennom klubbdommarkurs eller rekrutteringsdommarkurs.

Vi har følgande målsetning for rekrutteringsprosessen:

- Klubben skal til ei kvar tid ha nok dommarar til å tilfredsstille NFF Sogn og Fjordane sine krav.
- Klubben skal til ei kvar tid utdanne nok dommarar til å dømme i alle aldersbestemte klassar. Både i serie og cup.

Dommarutvikling

Førde IL Fotball skal vere den leiande klubben i regionen på dommarutvikling. For å nå den målsetninga må vi sikre oss at vi har både eit godt miljø og god oppfølging av våre dommarar.


Det er mange kriterium som må på plass for å nå målsetjinga om å vere den leiande klubben i regionen på dommarutvikling.

Følgjande må på plass:

- Årshjul for dommarforum
- Dommarveiledarar internt i klubben

Dommeroppfølging

Klubben skal ha fokus på følge opp dommarar etter gjennomført dommarkurs. Dette gjelder både etter klubbdommarkurs og rekruttdommemarkurs. Dette kan mellom anna gjerast gjennom rettleiing i kamp og dommarforum. Klubben sine trenarar har også ein viktig jobb i samband med oppfølging av



dommarar. Gjennom kamp har trenar moglegheit til å ha god dialog med dommar før, i og etter kamp. Dette gjev tryggleik for dommar, og tryggleik gir ofte meistring.

I kampsituasjon er det viktig at dommarane får tilbakemelding om:

- Fløytebruk og teikn
- Kommunikasjon med trenarane
- Dialog med spelarane
- Plassering på bana

Dommarforum

Klubben skal ha eit fast forum for dommarane i klubben to gongar i året. Det er dommaransvarleg som fasiliterer møtet. Det skal vera gjennomført eit møte før sesong og eit møte etter sesong. Om det passar seg er det fint med eit møte før eller etter sommaren også.

Tema for møta skal vera:

- Informera om retningslinjer og rutinar
- Utstyrsgjennomgang
- Faglig diskusjon og erfaringsutveksling
 - Rolla som dommer
 - Kommunikasjon
 - Reglemen

På slike samlingar er det like viktig å legge til rette for den sosiale biten.

Målsetning:

- Bli den leiande dommarklubben i vår region
- Løfte status til det å vere dommar.
- Skape eit positivt dommarmiljø i klubben.
- Uttak og selektering av dommarar:
 - 20 Klubbdommarar i sesong
 - 10 Rekruttdommarar i sesong
 - Utvikle minst 1-2 Kretsdommarar kvar sesong.